



Fylkesmannen i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/2593 - 19/300

Saksbehandlar:
Kari Anne Iversen
kari.a.iversen@meland.kommune.no

07.01.2019

Tilbakemelding på lukking av avvik - Tilsyn med samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet i Meland kommune 2017

Viser til skriv dat. 08.11.18. Underteikna reknar med at Fylkesmannen i utgangspunktet er godt kjent med oppstarten av prosessen kring utarbeiding av felles ROS-analyse og beredskapsplanverk for Alver kommune, ettersom det er m.a. er gitt skjønnsmidlar til dette arbeidet og dermed sendt inn nødvendig dokumentasjon, t.d. mandat, prosjektplan og rapport dat. 15.01.18. Det vert også vist til ulike møte med Fylkesmannen, m.a. 26.10.17.

Mandat

Prosjektet er i Alver kommune sitt programarbeid definert som eit hovudprosjekt med administrativ styring. Hovudmålet i mandatet er å etablere og overlevere eit system for samfunnstryggleik og beredskap i Alver kommune. Dette inkluderer m.a. overordna ROS-analyse, med framlegg til handlingsplan. Handlingsplanen vil bli lagt fram til politisk behandling.

Arbeidet er organisert med ei administrativ styringsgruppe (de 3 rådmenna), prosjektansvarleg (ass. rådmann Hogne Haugsdal i Lindås), prosjektgruppe (Harald Stanghelle - Radøy, Kari Anne Iversen- Meland og Ståle Hauge –Lindås.) Sistnemnde er også prosjektleder, med frikjøpt stillingsressurs. Det er også ulike administrative referansegrupper.

Prosjektskisse

Mål for prosjektet er at det skal sikre at samfunnstryggleik og beredskap er ivarettatt i samanslåingsprosessen og at ny organisasjon kan handtere ei hending innanfor Alver kommune sitt ansvarsområde. Det skal leggjast til rette for at KKL i Alver kommune skal kunne overta det strategiske arbeidet frå 01.10.19 og at KKL skal kunne fungere operasjonelt og taktisk frå kl. 00.00 den 01.01.20. For ytterlegare detaljar vert det vist til vedlagte projektskisse.

Kursing for prosjektgruppa

Prosjektgruppa deltok i juni 2018 på eit 3 dagers kurs i regi av NUSB i Heggedalen, der tema var overordna ROS i kommunen. Kursopplegget tok utgangspunkt i DSB sin rettleiar, og prosjektgruppa har også seinare

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

jobba med denne som utgangspunkt. Kurset i Heggedalen vart opplevd som svært nyttig og praktisk innretta. Prosjektgruppa såg m.a. klart det viktige poenget med å nytte *dimensjonerande hendingar* i analysearbeidet og at sårbarheit må inn som ein 3. dimensjon, i tillegg til sannsyn og konsekvens.

Temaet sannsynsstyrt vs. dimensjonerande hendingar har også vore tema i Fellesnemnda, sjå vedlegget.

Utarbeiding av eit Interaktivt visualiseringsverktøy

Prosjektgruppa sitt oppdrag er å gjennomføre overordna ROS i Alver kommune. For alle dagens 3 kommunar har det vore ei utfordring å gjennomføre ROS-arbeidet nedover i organisasjonen, t.d. ut på objektnivå, i et felles system. Det har vore mangel på eit funksjonelt verktøy som både stettar faglege krav og samstundes har ein fornuftig brukarterskel.

Den vanlege ROS-matrisen baserer seg på dei to dimensjonane sannsyn og konsekvens. Det har så langt ikkje vore tilgjengeleg analyseverktøy som tar opp i seg sårbarheit som den 3. dimensjonen. Eit slikt verktøy er no under utarbeiding i arbeidsgruppa, og vi ser på dette som eit svært spennande nybrottsarbeid, og ved eit passende høve ser vi fram til å få presentere dette eigenproduserte visualiseringsverktøyet for Fylkesmannen.

Utfordringar i arbeidet så langt

Det seier seg sjølv at det er utfordrande å jobbe med overordna ROS og utvikling av eit beredskapsplanverk i ein organisasjon som ikkje er etablert enno. Rett nok er toppleiarnivå og leiarnivå 2 (tenesteleiarar) i Alver p.t. innplasserte. Desse har alle ein svært utfordrande arbeidssituasjon. Dei alle fleste av dei skal både drifte i eigen kommune og samstundes gjennomføre prosjektarbeidet inn mot tenesteområdet sitt i Alver. Det er også sett i gong eit omfattande leiarutviklingsprogram som dei skal delta i. For ein del av tenesteleiarane er ROS og beredskapsarbeid også eit nytt fagfelt.

For å kunne halde planlagt tidsramme har prosjektgruppa difor måtta ta ned ambisjonsnivået noko når det gjeld deltaking og involvering frå ulike ledd i den nye organisasjonen, og arbeidsprosessen måtte justerast noko. Ei mogleg ulempe ved dette kan vere at eigarskap til overordna ROS og den raude tråden i det vidare ROS-arbeidet vert «tynnare». Dette kan likevel bøtast på når Alver kommune er etablert/konsolidert og arbeidsprosessane knytta til ROS-analyse nedover i organisasjonen tar til. Det har likevel vore gjennomført møte med alle tenesteleiarane, der prosjektgruppa sitt framlegg til liste over moglege uønska hendingar vart gjennomgått og justert.

CIM i arbeidet/CIM i Alver

Alver kommune er oppretta som eigen kommune i DSB-CIM – One Voice. Prosjektet har betalt for opprettinga, og Alver-CIM vert drifta saman med dei andre ut 2019 før det vert skarp drift frå 2020. One Voice har stilt personalressurs til rådvælde i oppbyggingsfasen. Etter kvart som organisasjonen får si form vert oppbygginga gjort, - ettersom det er konseptfasar for dei fleste tenesteområde enno må dette arbeidet vente noko. Etter kvart som brudokument vert klare kjem dei inn i Alver-CIM saman med dokumenta dei bind saman.

Status i arbeidet og vidare framdrift

Kunnskapsinnhenting for overordna ROS-analyse vart ferdigstilt i des. 2018. Gjennomføring av sjølv analysedelen startar i januar 2019. Ein ser for seg at deler av planverket for dei 3 kommunane vil vere gjeldande også etter samanslåinga frå 01.01.20. Dette krev etablering av rutinar for samhandling (brudokument).

Arbeidet med å involvere næringslivsaktører vil skje etter at kommunen sin del av analysen er starta opp og dimensjonerande hendingar definerte.

Prosjektet er noko forseinka, dette med bakgrunn i at innplassering i ein del leiarstillingar i Alver vart utsette frå mai til september 2018. Dette er imidlertid løyst ved at større deler av analysen vart lagt til prosjektgruppa, - sjå også punktet om utfordringar i arbeidet. Tidsplanen i arbeidet ligg elles fast.

Med helsing

Kari Anne Iversen
Personal- og organisasjonssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Mandat, prosjektskisse og orientering i Fellesnemnda

Kopi til:

Harald Stanghelle	Smedbrekka 6	5936	MANGER
Hogne Haugsdal	Hjelten 30	5918	FREKHAUG
Martin W. Kulild			
Ståle Juvik Hauge	Ikenberget 42 A	5911	ALVERSUND

Mottakere:

Fylkesmannen i Vestland

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER